

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Mette Marei Træland	FA - A10, TI - &30	14/4081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2015	Utval for levekår	PS	12.05.2015
51/2015	Kommunestyret	PS	17.06.2015

Kapasitetsdel, barnehageplanen ny vurdering Administrasjonen sin andre gjennomgang i høve til berekning

Vedlegg:

Barnehageplan 2015-2020 - Økonomi og kapasitetsdel per 30.04.2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

ULK handsama i sak 07/2014 Administrasjonen sitt utkast til barnehageplan for 2015-2010, kapasitetsdelen.

Vedtak gjort i ULK: »Utval for levekår ber administrasjonen om å arbeide vidare med datagrunnlag for kapasitetsdelen i barnehageplan til neste møte i mai 2015.
Administrasjonen tar med seg innspel frå møtet i det vidare arbeidet.»

Vurdering

Administrasjonen har gått igjennom utrekningane for folketal og barnehagane sin kapasitet for å kvalitetssikre plandokumentet. Med omsyn til folketalsprognosar er tal barn mellom 1-5 år i 2015 endra frå 641 (oppheveleg prognose) til 638 basert på faktiske tal fra 01.01.15. Avviket er soleis lite med omsyn til tidlegare prognose.

Vidare har administrasjonen henta inn oppdatert tilbakemelding frå barnehagane med omsyn til kor mange barn dei ønskjer å ta inn i høve til godkjent areal. Tilbakemeldingane har ikkje ført til endra kapasitetstal i planen.

Kommunen kan etter barnehagelova bestemme om ein barnehage skal få tilskot. Barnehagar som alt er godkjend har rett til tilskot innanfor det barnetalet som går fram av godkjeninga.

Det er i dag full barnehagedekning i Meland kommune. Prognosar for folketalsutvikling tilseier at kommunen treng i snitt mellom 16-17 nye barnehageplassar per år fram til 2020. Ut frå dei prognosane vi legg til grunn i planlegginga, bør ein ny barnehage stå klar i 2019. Vi har då nytta SSB

sine prognosar for folketalsvekst.

I Meland kommune er tilbodet om barnehageplass i hovudsak løyst gjennom private aktørar. Desse leverar gode tenester og har i høgste grad vore med på å løyse kommunen sit behov for barnehage. Om lag 5 % av borna går i kommunal barnehage og 95 % i privat. Rådmann meiner at det bør vere større balanse mellom privat og oftentleg tilbod om barnehageplass, ikkje minst for å sikre meir stabile og føreseilege økonomiske vilkår. Kommunen sitt insitament i høve til privat barnehageutbygging er ikkje like stort ettersom kommunen er ute av Robek. Det er vidare eit moment at kommunen kan få betre styring og kontroll med barnehagertilbodet dersom det vert bygd fleire kommunale barnehageplassar.

Omsynet til effektiv økonomisk drift og meir føreseieleg tilskot til private barnehagar talar for at utbygging av barnehageplassar i planperioden bør skje i kommunal regi. I økonomiplan 2015-2018 er det sett av pengar til bygging av kommunal barnehage frå 2018. Planen er at ny barnehage skal stå ferdig i 2019.

Administrasjonen meiner at ein ny kommunal barnehage bør ligge på Frekhaug. Dette er ut frå det faktum at Frekkhaugområdet er og vil være i noko tid framover, det største pressområdet i kommunen. Den framtidige utbygginga på Flatøy er førebels på eit tidleg planstadium, og det vil ikkje vere mogleg å få realisert ein barnehage der dei nærmaste åra.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i Frekhaugområdet i samsvar med gjeldande økonomiplan. Endeleg tomteplassering vert å kome attende til når kommuneplanen er endeleg vedteken.»

Utval for levekår - 20/2015

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i Frekhaugområdet i samsvar med gjeldande økonomiplan. Endeleg tomteplassering vert å kome attende til når kommuneplanen er endeleg vedteken.

Kommunestyret - 51/2015

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå SP v/Per Kristian Holmetun:

Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i samsvar med gjeldande økonomiplan. Endeleg tomteplassering vert å kome attende til når kommuneplanen er endeleg vedteken.

Avrøysting:

Framlegget frå Senterpartiet fekk **15 røyster for, (4 SP, 2 AP, 3 KrF, 4 FrP, 2 V), 11 røyster mot, (6 H, 3 AP, 1 SAM, 1 MDG)**, og er såleis **vedteke**.

KS - vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med planar om å byggje ein ny kommunal barnehage i samsvar med gjeldande økonomiplan. Endeleg tomteplassering vert å kome attende til når kommuneplanen er endeleg vedteken.